

YNGVAR VIGERUST:

MÅSÅ VAR EIT VERDFULLT HJELPEFØR FØR I TIDA

Rikdomskjeldene i fjellet var ved århundreskiftet godt nytta. Dette var ikkje berre den eigentlege seterregionen, men og dei høgare fjelltrakter. Frå lenger attende i tida var det fleire gardar jamvel på flatbygdene som sende buskapen sin til høgfjellseter. Mange hadde skaffa seg eigen seter, men oftest tok setereigarer på staden mot leigedyr frå andre trakter.



Reiskap for sanking av måså.


Foto: Yngvar Vigerust.

164

Frå eldgamal tid har reinmåså vore nytta som vinterfôr til buskapen. Først og fremst var dette tilfelle i dei utprega fjellbygdene, men og i mange av dalbygdene på Østlandet som grensa inn til fjellviddene.

I bygdene i N. Gudbrandsdal var måså det viktigaste hjelpeføret. Desse bygdene er dei tørraste områda i heile landet vårt. Når det var tørkeår med dårlege fôravingar, måtte alle til fjells om hausten for å ta måså. Tørrlendte og mindre gardar tok måså nesten kvart år. På rålendte gardar eller i regnrrike år vart det teke mindre. Alle hadde den gongen relativt mange dyr. Jamvel om storfeet var langt mindre av storleik enn i -dag, var kjøttproduksjonen den viktigaste lekken i driftsmåten. Og alt etter svingningane i dårlege og gode fôrår vart det teke meir eller mindre måså. Måsåtakinga i fjellet vart for dei fleste ei elge ønn.

I del siste 50 åra har måsåen som alt anna sankefôr vore mindre brukt. Årsaken til dette er at det etter kvart har vorte mindre arbeidskraft på gardane. Og mange av desse arbeidskrevjande næringskjelder i fjellet er etter kvart innskrenka og vert nå ikkje lenger nytta ut. Det einaste som nå fortel om onna



Dvergbjørk-rik måsåfily — Storflva på Hjerkinn.

Foto: Yngvar Vigerust.

165

Arbeidet -69

i måsåhøom er alle måsåhusa innover snau fjellet. Dei er i seinare tid ikkje vorte halde vedlike og mange er rotne ned og fjerna for godt. Ved århundreskiftet hadde kvar gard sitt måsåhus. Mindre gardar hadde eit saman.

Det er ikkje berre som vinterfôr til buskapen at måsåen har sin verdi. Den største betydning har han i dag som beitevekst for reinen om vinteren og av den grunn har han og fått namnet reinmåså. I «Årbok for beitebruk i Norge 1938» har eg skrive meir utførleg om dette: «Våre lavheier og deres utnyttelse». For interesserte viser eg til dette.

Slag og vekstkrav.

Måså er eit populært namn på ei plantegruppe som i røynda heiter lav (lichenes). Måså er heller ingen sjølvstendig plante, men samansett av to organismer, sopp og alge, som lever eit samliv med kvarandre (symbiose). Soppen utgjør storparten og tar opp næring frå jorda, medan algen som er mindre inneheld bladgrønt og tar opp næring frå lufta.

Måsåen er den mest nøysame av alle våre vekster. Ymse slag av den veks på borken av tre, kjeugg-måså, på stein, skorpe-måså, eller på grunn og mager jord, blad- eller busk-måså. Det er den sist nemnde gruppa eg her skal omtala nærare.

Denne plantegruppa må seløst å vera ploneren blant alle våre vekster. Der andre planter ikkje klarer seg, kan måsåen vekse og nå full utvikling og på det viset skape vekstvilkår for andre og meir kravfulle vekster.


Måsåen er heller ikkje avhengig av så jamn fordeling av nedbøren som andre planter. Han kan tåle langvarig og sterk tørke utan å gå til grunne. Når regnet kjem, friskna han til att og utviklar seg vidare. Dessutan er han motstandsdyktig mot kalde, og klarer seg høgare til fjells og lengre mot nord enn andre planter.

Det er likevel to ting som måsåen krev for å kunne trivast, nemleg rikeleg med lys og fram for alt frisk luft. I skogen er måsåen helst å finne der trea står spreidd, men del største samanhengande strekningar av måså har ein likevel innover snau-

fjellet. Og dette gjeld især i strøk der fjellgrunnen består av harde bergarter, og jordsmonnet stort sett er fattig på plantenæring. I slike trakter kan måsåen vera dominerende mill etter mil.

Dette krav til frisk luft er det grunn til å vera merksam på i vår tid med all tale om forurensingar. I større byar med mange fabrikkar og større verksemdar er det t. d. lite å sjå av skjegg-måså på trea. Det er algen som er ømfintleg for svovelsyring og andre forurensingar i lufta.

Det er mange ulike arter av måså. Det kan eg ikkje koma større inn på her, men berre nemne nokre få. I denne samanheng er reinmåså viktigast, dernest brødmåså som i arktiske strøk har vore mykje nytta til folkemat. Han har og vore nytta her i landet i krisetider og nødsår. Gulmåså er ein annan viktig art i høg fjellet. Det ein kallar reinmåså, består eigentleg av tre arter, men den største og viktigaste av desse er kvitkrull.



Måsårik furuskog ved Straumba.

Foto: Yngvar Vigorust.

Plantesamfunn med dominerende måså.

Desse samfunna er ikkje knytt til nokon bestemt region. Dei er vanleg utbreidde frå furumoane i låglandet til dei høgste fjelltoppar. Tidlegare var det og vanleg å skille ut ein måsåregion over vierbeltet.

I nåleskogen er det dei måsårike *furuskogane* som er viktigast. Furua står her spreidd og det vert såleis rikeleg med lys til botndekket. Det er reinmåså som dominerer, dessutan ein del brødmåså. Av andre arter kan nemnast røsslyng, krekleng og dessutan nokre andre lyngvekster.

Så har vi måsårik *bjørkeskog*. Fjellbjørka står oftast grise og med heller dårleg vekst. Botndekket har om lag dei same måsåarter, men til det kjem ein del gulmåså. Forutan lyngvekster er dvergbjørk eller kjerringris vanleg.

Innovet snaufjellet er det fleire måsårike plantesamfunn. Det er måsåen sin lyse fargetone som preger landskapet i vid omkrins. Over toppar, høer og fiyer er det måså som dominerer i botndekket. Regelen er at det er dei *lyngrike måsåsamfunn* som serleg er utbredt over ryggar og høgdedrag der snødekket er tunt og det blir tidleg bert. På den andre sida er det i kvølvær, botner og forsenkningar djupare snødekket, og her er dei *gras- og halvgras-rike måsåsamfunn* å finne. Det er vanleg å kalle desse ymse vidder for *måså-rander*, måsåflyer eller måsåheier. Desse måsåflyer dekker store vidder i Dovrefjella, Røråsområda og Rondane, vidare store deler av Jotunheimen.

Eg hugsar såleis godt ein tur gamle Jørn Engen frå Dovre og eg hadde sist i august 1905 gjennom desse måsåvidder. Vi kom frå slåtten på Mesetra og gjekk over Gravhøa gjennom Botnen forbi Hellberget og ned i bygda. Det var djupt måsådekket det meste av vegen især gjennom Botnen. Den første part av turen var det solskin og måsåen krassa under skosålane. Seinare vart det regnvar og tilsvarende slitsamt å ta seg fram. Det var som å vasse i 15—20 cm' snøslaps. Den tida var det mindre villrein enn det seinare har vore. Måsåen var djup og frodig og nærast urørt. I den seinare tid har det vore hevda at villrein-stamma har vore altfor stor, især gjeld dette i Snøhetta-området. Vinter-

beitet er opptrakka og sterkt nedslitt. Dette har m. a. fått til fylgje at slaktevekta på reinen har gått sterkt nedover i seinare tid.

Gjenvæksten hos måså er svært sein. Det kan ta ein manns-ålder og vel så det, alt etter haustemåten.

Sanking av måså til vinterfôr.

Denne onna i måsåhøom var om hausten. Ho kom etter at ein var ferdig med skuronna og fall vanleg i september eller og seinare på året om det var lagleg ver. Det er fleire grunnar til at ein valde så sein haustetid. For det første er det kaldare i veret på denne tid av året og risikoen for å få måsåen øydelagt ved mugning i haugen var liten. Vidare fekk lassa stå i fred for storfeet som da ikkje lenger beita i desse høgder. Dessutan høvde det godt med tida medan loa tørka.

Det var få stader der måsåhøa var så nær at dei kunne bu heime under arbeidet. Det var der imot vanleg når dei tok måså på setra. Elles var det slik at dei fleste budde i måsåhus medan arbeidet stod på. Måsåhusa var små, og det var sjeldan meir enn 4—6 personar som deltok. Det var vanleg rekna for mannfolk-arbeid, men ofte var det og med kvinnfolk.

Det var vanleg å nista seg ut for helle veka, og del reiste oftast til måsåhuset sundag kveld og kom att etter endt arbeid laurdag.

Det hadde mykje å seia at veret var lagleg i måsåhøen. I vanleg opphaldsvev hadde det mykje å seia å koma i gang med arbeidet grytidleg om morgonen så snart det vart lyst. Alt etter kor langt det var å gå frå måsåhuset, måtte ein såleis stå opp tidleg.

Det var enkel reiskap som vart nytta. Kvar måtte ha ei måså-rive med halvlange jerntindar, og så måtte dei parvis ha eit *korgfat* (meis) til å bera saman måsåen med. Med riva vart måsåen lausna og kasta saman i mindre haugar. Desse vart så bore saman i ein større haug av høvleg lasstorleik. I botnen på haugen la ein kvist av dvergbusker. På det viset var det lettare å få lasset laust ved køyringa om vinteren.

I tørt ver er måsåen sprø og vanskeleg å få sett saman i høveleg haug. Tidleg om morgon og utover til høgs dags leite er det vanleg dogg. Da er måsåen seig, heng godt saman og er lett å handtere. I regnver høver det dårleg å ta måså. For det første er måsåen da tyngre å bera saman. Det blir dessutan mykje vatn og haugen søkk altfor sterkt saman. Med rimeleg dogg søkk han høveleg saman og ein slepp å frakte så mykje vatn til inga nytte, enten det nå gjeld oppsettingen av lasset eller heimkøyrlinga.

Alt etter korleis måsålende var, vart det teke meir eller mindre måså på dagen. I vår grend var det vanleg rekna 6 lass for kvart par, andre stader var dei nøgde med 5 lass. Dette var nærast rekna som lagje på dagen. Det som var avgjerande ved måsåtakinga var kor lagleg veret var og kor mykje måså det var. Når dei begynte tidleg på dagen, var dei oftast ferdig med lagje sitt ved middags leite. Var det ikkje leigd hjelp med bra ver, kunne dei halda på så dei tok opptil 10 lass på dagen pr. par. Dette høyrer til særhøve og da måtte alt klaffe bra med måså, ver og mannskap.

Kvar bruker la vinn på å få samla all sin måså på same stad og ikkje om ein annan. Det var derfor vanleg skikk at dei kasta saman små haugar ikring det område kvar brukar ynskte å ta på. Dette var utan unnatak respektørt av eventuelte andre. Til slutt merka kvar brukar sine lass med ein bjørkesvelg på toppen der enkle bumerke vart skore inn i borken.

Alt etter det vekslende ver som var under sankinga og seinare ut over hausten, kom vassinnhaldet til å svinge sterkt. Jæmvel om måsåen var høveleg tørr ved haustinga, risikerte ein alltid at måsåen tok til seg meir eller mindre væte seinare, og vart såleis vassrikere når han vart køyrt heim på vinterføre. Alt i alt reknar ein såleis med at måsåen inneheldt 60—70 pst. vatn heimekøyrt. Lassa var til vanleg heilt glennomfrosne og såleis lette å handtere. Trass i det store vassinnhaldet, er det sjeldan han tar skade når han blir sankt seint på hausten. Tidleg på sommaren derimot tar den lett skade sjøl om den er satt i haug knasstørr. I slike tilfelle må ein derfor dekke over lassa.

På vinterføre vart så måsåen køyrt heim til bygda. Det var ofte lang veg, 10—20 km. Dei som hadde lengste vegen, brukte å lynne måsåen på heimveg tidleg på vinteren medan det var lite snø og brøyting. Etter at måsåen var heimkøyrt, vart han tint etter kvart som han vart brukt. I eldre fjøs hadde del måså-trev til denne bruken.

For å spare seg for køyring av alt dette vatnet, ivra dyrlege J. Høyem i N. Østerdal for å ta måsåen tidlegare på sommaren og pressa han saman i buntar. Desse buntane måtte ein så seinare dekke over. Så vidd ein kjenner til var denne måten berre brukt i mindre målestokk i Østerdal for om lag 50 år sidan.

Bortsett frå dette, var den gamle måten utan modernisering av noko slag brukt frå langt attende i tida.

Måså som før.

Reinmåså har frå eldre tid vore godt omtykt som fôr til bu-skapen. Før i tida var det ikkje dyrka neper til fôr, heller ikkje vart det avla noko anna saftig fôr på gardane. Og på ein viss måte kunne måså erstatte dette. Måså var først og fremst brukt til kyr, men og til ungdyr og småfe. Av og til vart det og brukt til griser, men det var helst brødmåså.

I næringsinnhald kan det høve godt å samanlikne måså med neper. Både desse fôrslag har det til felles at dei er rike på sukkeremne, men fattige på protein. Måså er dessutan trevlerikare og tyngre fordøyelege. Del fôringsforsøk som er utførte, viser at det av måså som inneheld 35 pst. tørremne går med 6 kg til 1 f. e.

Som eg før har fortalt i denne artikkel, veksla bruken av måså alt etter året. I tørkeår var det mange gardar som hadde ikring 100 lass måså og i tillegg til det kunne dei og ha ein del måså på setra. Tørrlende og mindre gardar brukte jamt noko måså til kvart år.

I 1934—35 innhenta eg oppgaver frå enkelte kontrollag i N. Gudbrandsdal om bruken av måså det året. Som døme vil eg her berre nemne ei oppgave frå Dragå kontrollag i Dovre. På grunnlag av oppgjevne tall rekna eg ut at det året var

brukt 1 300 kg måså pr. ku. Med arbeidskostnaden det året kom kvart heimkøyrte lass på kr. 4,—. Og etter forprisene det året, var det rekna som ein rimeleg pris.

Det er aldeles ikkje rett å omtala måså berre som skrapfôr. Dei som hadde lang erfaring i bruk av måså, var stort sett einlige i at det var eit bra fôr som dyra likte godt.

Andre måter å nytte måså til.

Det er før nemnt at måså er den viktigaste næringa for reien om vinteren. Om sommaren lever reien vesentleg av gras, halvgras, ymse slags urter, vierarter og fleire dvergbusker og lyngvekster. Han et lite måså om sommaren.

Frå eldre tid har reinmåså og andre måsåslag, vore brukt til dekorasjonar, gravpynt, kransar m. v.

Det er nå innpå 50 år sidan ein kom i gang med eksport av måså frå N. Østerdal til Tyskland. Den måså som eksporteres brukes til dekorasjonar og annan pynt og blir samla inn etter nøyere fastsette regler både for plukking og pakking. Det blir nå eksportert slik pyntemåså til fleire land. Kvitkrull er den arten som er mest ettertrakta til dette bruk. Størst og penest er denne arten helst å finne i lågere trakter og mest i furuskog der måså veks saman med røsslyng i botndekket.

Så fremt ein fylgjer reglene for plukking og pakking m. v., kunne dette bli ei bra attåtmering i mange fjellbygder. Forbruket av måså til dette formål er og stadig aukande innanlands. Og det er berre rett at våre rikdommar blir utnytta.

Måsåtaking på Lesjaskog.

Av bonde J. Einbu.

«Blandt andet som mæisommeligt for bonden er at agte er mosefjeldet vanskeligt, når man det vil betrachte. Man ser dem vanke hist og her på fjeldets høie tinde, på myrer og i daleskjær og hvor du kan hannem finde».

Desse versi rann meg i hugen da eg etla meg til å skriva litt um måsåtaking. Eg las deim ein gong i ei bok etter øyveringen Amund Tande. Det var ei-øjløvbiografi og um ymse bruks- og driftsmåtar på gardar i Øyer i hans tid. At barne-minnet er langt sannar seg soleis her òg; for det er no sikkert 50 år sidan far hadde boki med seg heim ein gong. Gamle folk i Øyer vil visstnok minnst Amund Tande og boki hans.

Etter hans syn var måsåtaking «mæisommeligt».

Og det var vel kanskje synet åt dei fleste. For det var i grunnen ei keid og leid onn. Men for 30—40 år sidan var ho likeså viss som andre onner her over. Måså måtte alle ha både gardmenn og husmenn, dei sistnemnde tok kjelkelass, og dei som hadde hest større haugar. Kjelken eller «Gråen» som han ofte kallast, var mykje meire brukt da enn nå, — leige hest var ikkje på moten. Nei draga, — draga alt som trøngst på bruket: måså og ved og høy, kornet på tørstugu og til kvenni, ja til og med steinen på nybrotet var drege av med kjelken stundom. Det var difor ikkje rart um det leita på kufta på ekslom; viu-bandet var stygt til å eta hol, så det vilde nok bot til, skulde det ikkje slite seg ned på kroppen og bli gnagsår. Men dei var nå vane med det, og mange var sterke til å draga. Nå har kjelken rolege dagar og vil snart vera «en saga blot».

Men ingen kunde tenkja seg å vera utan måså. Korleis

skulde ein greida å agte fram buskapen utan den! Det vilde nok bli smal-hans for nautom um våren: for måså var kveld-vorden for mesteparten av feet heile vinteren igjenom.

Eg kom til å tenkje på ordet «agte» i tyding av å gjeva krøterom. Kva ordet kjem av har eg ikkje fått greide på. Til agte kjem ein agtar og ei agting. Frå gamalt var det fjesstell tri gonger um dagen, morgostel, løysing og agting. Løysingi var kring kl. 1—2, og kjem kanskje av di det var skikken å løysa ut ungnaut og tettkyr, så dei kunde bita bjørkeris det bilet på dagen. Ein beitkost fanst det på mest kvar gard den tidi. Men agtingi veit eg som sagt ikkje kva kjem av. Skal tru um desse ordi er eller har vore brukt andre stader i dalen!). Her er dei ikkje lenger brukt, og for unge folk er dei framande og uforstålege.

Um hausten etter skuronn, var tidi komen da det skulde berast i veg til måsåfjellet. Det vart ett stort stæss for hus-mori å finna til det som trøngst i skreppa til 4—5 mann i like så mange dagar, kanskje heile viku. Inkje noko skulde gløymast, og nok skulde det vera. Karane fann fram måsårivor og måsårép og sette istand um noko vanta. Dei som tok inn på sætrar hadde ikkje med mjølk frå heime, men lånte eller kjøpte der. Men dei som låg i kåjor kløvja på hest. Mjølkk hadde dei i treflaskor store som kollar. Dei var jamnast litt ovale og hadde hol med tapp i på eine sida. I mindre flaskor var det jamnast ein vidjuhank til å bera deim etter, i store var hanken av jarn, og desse var feste til flaska med 2 små kjengar. Det var ein leid hake ved treflaskone: dei var vanskelege å halda god-demde. Ein eigen flaskesmak vilde det bli på mjølki i deim, snaut det same kor ein streva og vaska. Ein fekk ikkje inn i handi til å skura. Den vanlege vaskemåten var å plukka i deim småstein og fylla deim med ein-log og rista småstein upp og ned både veif og lenge. Men inn i alle i rø kunde ikkje småstein koma, og flaskesmaken vart heller verre di eldre flaska vart. Einlog var brukt til å vaska alle trekoppar, og um hausten før snøen kom, vart det funne 2 3 korrer med eine, så ein skulde kunna koka einlog heile vinteren igjenom.

Flaskesmaken kjendest best på fyrste skeidi, sidan vart ein

) Det er brukt på Vågå. O. S.

mest som meire van med han og gjorde ikkje så mykje av det. Treflaskone var lugume å bera. Ein tok deim på ein stav (eller måsarivskraft) og la over oksli. Det var um å gjera at toppi var tett, så ein ikkje fekk mjølki ned etter ryggen um det skvamlå.

Sætri vår låg såleis til at ein stor del av grendi sokna dit i måså-onni. Og jamnast var det same tidi dei fleste var i veg. Difor var det stundom heller trongt i sælet um kveldane og netene. Når ein på ymse stader og på ymse vis hadde fått rota i seg kveldsmaten, skulde ein kara seg til ro for natti.

Det var ofte einbreidt utover golvet i kross og i krok. Litegrand klæde til ivibreidsle hadde nokon kvar med seg, og under var det lyng som var breidt broderleg utover golvet. Ved femtidi um morgonen gjekk revelja, og da vart det liv i hurvom, både her og der. Verst var det for deim som skulde koma burt i peisen og gjera upp varmen og ordna med kaffe-kjelen, så alle kunde få seg ein skvett attåt maten før det bar i veg.

Det var nok som gamle Amund sa — mødesamt å tenkia seg oppover den bratte viggå og langt inn i fjellet. Måsån minka, og det var ofte langt å gå før ein fann godt måsåtak. Han er sein i vokstre, måsån, så der det var fare over ein gong, tok det minst 15—20 år før han vaks til att så noko lunde. Det ein fyrst tok til med når ein kom fram til måsåtaket, det var å kaste småhaugar. Ein hopkasta haug kallast eit kast, og det var rekna for bra måså fekk ein fullt rep i kastet. Men, det var sjeldan. Det kunde gå både tvo og tri i repet.

Desse småhaugane vart bore i hop i ein lasshaug og til det gjekk det 8 9 rép. Taksti for dagen for mannen var tvo lass-haugar, og på gildt måsåtak var ikkje det noko stridt dagsverk.

Under kvar haug måtte det leggjast eit bra lag med lyng eller fjellkjørr, soleis at haugen kunde flakna lett fra fjellet når dei tok han att um vinteren. Ovan på haugen var det lagt 4—5 små steinhellor, så vinden ikkje skulde riva av honom.

Tvo bar måsån ihop, og ein «sette» haugen som det kallast. Det siste som vart gjort ved haugen var å setja i han måsåsloe. Det var ein kvist (kjepp) med forbokstavane til mannen som åtte han innskore i kvisten med trébookstaver. Vi hadde eit mark som hadde vore brukt lenge på garden. Når kvisten var skore, etla vi att ein av småkvistom. Så gjorde

vi ein kløyv i kvisten og bøygde den vesle kvisten og sette han fast i kløyven. Det vart da sjåande ut som ein slag P. Dette merket har mogeleg vore på garden sidan Per Kjørnsletten kom der i 1760 årom. Eigarane har sidan skifta med namnet Per og Johannes, men måsamerke har vore det same.

Måsa-sløne fann ein med seg nedetter viggå um kvelden og spikka deim til um kvelden heime ved sætri.

Det var gale um måsån var for rå, da tela han hardt og var stygt tung, men mest enda verre var det um han var for turr. Da tela han ikkje noko og runde sund når ein skulde velta han på sleden um vinteren. Måsån var vand um veret, — ikkje for rå og ikkje for turr.

I fint vér var det tyle i fjelle, friskt og lett. Men det kunde vera på eit anna bard og når regnet sila ned, så det knapt vilde minka i soll-fate um du freista eta, eller det kom ein kald snø-eljing, så alt vart kvitt. Da var det å freista vinna heimatt til sætri så fort ein vanst og turka dei gjennomvåte plaggi best ein kunde.

Måsån var ikkje så verst foring. Men nå i mange år har det ikkje vore teke vidare av han her i grendi. Grunnaue her til kan vera fleire, m. a. at det er lagt meire arbeid på jordi um hausten. Slåmaskinone kom i bruk og kravde steinlaus jord, og det var nok mange stader ikkje gjort i ein-tvo-tri. For det andre vart arbeidshjelpi dyrare og vanskelegare å få. Nå er måsån tilvakse att, men fær nok stå urøyyvt.

Mykje av måsåfolket var ungdomar. Difor var det jamnast livalt på sætri um kveldane når måsåfolket låg der. Det var skjemt og moro på ymse vis. Men det eg serleg hugsar var songen. Han var både fyrst og sist. Utover i 1870—80-årom og fram i mot 1900-talet var det millom ungdomen ei songrid som no ikkje er meire. Kor ungdom råkast var det song, kjærleiks-visor, skjentevisor, heimlaga visor um ymse hendingar i byggi og songar av ymse slag.

Ei rimrid gjekk på same tid gjennom byggi, so det vanta 'kje på visor, dei traut ikkje snarleg upp. Og alle la seg vinn um å læra deim, så dei kunde syngja med. No er dette burte millom ungdomen. Alt går liksom i periodar. Dette tykkjer eg er ille. For det var noko edelt og godt ved songen endå um det betre var visor som mangein gong var sungne.